

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.09.2008
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Vurdering av overgrepsmottak i Helse Vest**

Arkivsak
2008/276/330
Styresak 091/08 B

Styremøte 17.10. 2008

Bakgrunn

I brev av 28.05.08 frå Fylkesordføreren i Rogaland blir det vist til følgjande vedtak i fylkestingets møte 26.04.08:

Fylkestinget ber Helse Vest vurdere å opprette voldtektsmottak med finansiering ved alle lokale helseforetak.

Det blir her lagt fram sak for styret med ei vurdering av forslaget med bakgrunn m.a. i nasjonale føringar og situasjonen i Helseregion Vest.

Kommentarar

1. Nasjonale føringar

Helsedirektoratet fikk i oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å gjennomføre tiltak som kan bidra til å styrka helsetenestetilbodet til volds- og voldtektsutsette m.a. å utarbeide ein rettleiar for helsetenesta, jf St. prp. nr. 1 (2004-2005).

Rettleiar for Overgrepsmottak blei utgitt av Helsedirektoratet i 2007 (IS-1457). Uttrykket "overgrepsmottak" blir brukt framfor "voldtektsmottak" for å femne andre former for vald også.

Av rettleiaren, pkt 3.1, går det fram at ansvar for overgrepsmottak er et kommunalt ansvar. Det følgjer av kommunen sitt generelle ansvar for nødvendig helseteneste til alle som bor eller oppheld seg i kommunen. Kommunen må også ha et faglig forsvarlig tilbod til dei som vert utsett for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar eller trugsmål om dette.

Det blir lagt til grunn at overgrepsmottak/voldtektsmottak skal organiserast med basis i interkommunale/kommunale legevakter. Det er sett som mål at det skal vere overgrepsmottak ved minst ein legevakt i kvart fylke, eventuelt lokalisert saman med sjukehus.

Rettleiaren gir utfyllande rettleiing for helsepersonell som arbeider i overgrepsmottak men også personell i legevaktsentralar, legevaktene og til personell elles i helse- og sosialtenesta som kjem i kontakt med overgrepssaker.

Det er har vore eit mål å sikre betre oppfølging av personar som blir utsett for valdtekt. I september 2006 blei Voldtektsutvalget oppnemnd av regjeringa. Utvalet si utreiing NOU 2008:4 "Fra Ord til handling – Bekjempelse av valdtekt krever handling" blei sendt på høyring våren 2008 med høringsfrist 16.06.08 frå Justis- og politidepartementet. Kommunenes sentralforbund er ein av høringsinstansane.

Overgrepsmottak er eit av dei tiltak som bli omhandla i utreiinga. Det går fram at arbeidet med etablering av overgrepsmottak i alle fylker i regi av Helsedirektoratet snart vil vere fullført. Direktoratet arbeider vidare med tiltak for å heve kompetansen i mottaka.

Det blir i NOU 2008:4 føreslått ei rekke tiltak for å styrke arbeidet i overgrepsmottaka, m.a. at det blir etablert ein nasjonal finansieringsordning som sikrar at mottaka får dekkja sine reelle utgifter i knytt til beredskap og drift.

Det er ikkje føreslått nokon endring i ansvaret for mottaka eller organiseringa med minst eit mottak i kvart fylke.

2. Situasjonen i Helseregion Vest

I vår region er det etablert eit overgrepsmottak ved Bergen legevakt. Frå 2004 er dette basert på et interkommunalt samarbeid. Det er eit godt samarbeid med Helse Bergen HF og pasientar som har behov for det blir tilvist til spesialisthelsetenesta.

Det er frå 2007 etablert eit døgnopent overgrepsmottak i Haugesund basert på interkommunalt samarbeid. Mottaket er lokalisert til Haugesund sjukehus og 18 kommunar deltek. Tilbodet er finansiert ved at kommunane betaler eit kronebeløp pr innbyggjar.

Det er også mottak i Stavanger lokalisert til legevakta i Stavanger. Det er her eit samarbeid med sjukehuset kor Helse Stavanger HF også gir eit tilskott til drifta.

I Sogn og Fjordane er det gynekologisk poliklinikk ved Førde sentralsjukehus som fungerer som akutt valdtektsmottak kor kvinner kan mottakast til undersøking. Det er også her vurdert å oppretta eit overgrepsmottak i kommunal regi men hittil har legevaktsituasjonen ikkje vore stabil nok.

3. Vurdering

Det er viktig å sikra god oppfølging av personar som blir utsett for valdtekt. Det er utarbeidd ein rettleiar for overgrepsmottak og det blir arbeidd med etablering av interkommunale løysingar i kvart fylke. Det er rimeleg at overgrepsmottaka i Helseregion Vest også blir organisert i tråd med dei nasjonale føringane slik dei allereie i stor grad er.

Helseføretaka i Helseregion Vest vil være viktige samarbeidspartnarar for mottaka men bør ikkje ha noko primært ansvar for etablering av slike mottak eller finansiering av dei.

I NOU 2008:4 "Fra ord til handling" blir det føreslått ei rekke tiltak som vil kunne styrka den samla oppfølginga av personar som har vore utsett for valdtekt både i helsetenesta og rettsapparatet.

Forslag til vedtak

Styret i Helse Vest RHF legg til grunn at overgrepsmottaka blir organisert i tråd med rettleiaren for overgrepsmottak frå Helsedirektoratet, primært som eit interkommunalt tiltak lokalisert til ein legevakt.

Helseføretaka vil samarbeide med mottaka og følgje opp pasientar som blir tilvist til spesialisthelsetenesta.